

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 6

August 1971

7. årgang

Troen holder fast ved ordet

Et ærlig Guds barn kan ofte bli bekymret over at det ikke føler nåden i sitt hjerte, men kjenner bare synden. Vi vil la Luther svare på dette slik han gjør det i sin påskepreken : «Når Kristus er død og har tatt bort våre synder — hvorfor føler vi da synden og døden i oss? For synden gnager og stikker jo i vår samvittighet, og den onde samvittigheten gjør at vi frykter for helvete. Jeg har ofte sagt det før : En ting er å føle, en annen ting er å tro. Troen holder seg fast til Ordet, hva så enn følelse og fornuft sier. Følelsen holder seg bare til det som finnes hos mennesket, hva så enn Ordet sier.

Følelsen er altså imot troen, og troen imot følelsen. Derfor må en her se bort fra følelsen og rett og slett høre Ordet akkurat som det lyder, og liksom skrive det inn i hjertet og holde fast på det, selv om en ikke kan se et eneste tegn på at ens synder er tilgitt, men at de tvert imot er hos en ennå. En må ikke rette seg etter det en føler. Men en må holde fast på at synden, døden og helvete er overvunnet, selv om en kjenner at en ennå er i synden, døden og helvete.

For det at vi ennå føler at synden er hos oss, skjer bare fordi det skal drive oss til troen og gjøre oss sterke i den, så at vi stikk imot våre følelser tar imot Ordet og støtter vårt hjerte og vår samvittighet til Kristus. Så fører troen oss ganske stille gjennom synden, døden og helvete, stikk imot all følelse og fornuft. Så får vi se vår

forløsning — fullkommen se og kjenne det som vi før bare trodde, nemlig at synden, døden og alt ondt virkelig er tatt bort fra oss.

Det er som en fisker med net. Så lenge fiskene er i noten, merker de ikke annet enn at de er i fritt vann. Men når de kommer på land, kjenner de først at de er fanget. Slik går det også med dem som er fanget i evangeliet — Kristus sammenligner dem jo med en net i Matt. 13, 47. Når evangeliets ord kommer inn i hjertet, fester Ordet hjerte til Kristus og fører det så stille og ubemerket ut av helvete og synden at sjelen ennå ikke kjenner noe annet enn at det fremdeles er i synden og døden. Da oppstår en strid, så følelsen kjemper mot troen og troen mot følelsen og jo mer troen vokser, desto mer forsvinner følelsen og omvendt. Synden kleber ennå ved oss, slik som hovmot, gjerrighet, vrede o.l., men bare for å drive oss til troen, så at de nskal vokse for hver dag.»

Så langt Luther. Det var det samme Jesus sa til Tomas : «Fordi du har set meg, tror du. Salige er de som ikke ser, men dog tror.» (Johs. 20, 29).

Andre har andre vanskeligheter. De sier : Jeg tror nok at mine synder er forlatt. Men jeg er ikke som jeg burde i mitt daglige liv. Og dette gjør at jeg ikke kan tro at jeg står i nåde hos Gud.

Til dette er å si at det er en stor villfarelse å tro at det bare er i den første, grunnleggende omvendelse at en får forlatelse for

synden, men at man siden skal leve så synfritt og rent at man ved dette skal beholde Guds vennskap. Nei, også de ærlige kristne og de største helgener har daglig hatt bruk for syndenes forlatelse. Derfor lærte de også å be i Fadervår om syndenes forlatelse, fordi de daglig virkelig hadde synd. For sier vi at vi ikke har synd, da bedrar vi oss selv (1. Johs. 1, 8).

Men likså sikkert er det at vi i Kristus har en fullkommen rettferdighet, som ikke bare dekker over de synder som er overvunnet, men også de som henger ved oss nå, altså nettopp det som mangler oss i vårt daglige liv. Vi har allerede for Gud den rettferdig som loven fordrer. Således er nettopp manglene i ditt liv den synd som du har daglig forlatelse for.

Så vil kanskje noen si: Etter dette behøver vi ikke å leve kristelig, overvinne og avlegge synden, da vi har begynt å tro på Kristus — tro at han kunne vinne den rettferdighet som loven ikke kunne frembringe. Nei, vi skal ikke leve kristelig for å vinne eller beholde nåden hos Gud. Det ville være å fornekte Kristi fortjeneste og berøve den sin ære. Derfor sier jo Paulus: «Jeg akter ikke Guds nåde for intet, for får vi rettferdighet ved loven, da er jo Kristus død forgjerves»

Nei, det er noe annet som driver oss til å leve kristelig, nemlig at vi må og vil så gjerne gjøre det av kjærlighet og takknemlighet over den ubegripelig store nåde. Som Kristus sa: «Den som elsker meg holder mitt ord.»

Med andre ord: Det er to ting i en kristens liv som må holdes ut fra hverandre: Det ene er hans liv — med tanker ord og gjerninger. Her kan han ikke være streng nok i å ville være det han bør være etter Guds lov. Det andre er hans nædestand hos Gud. Her kan han aldri nok forakte sine egne gjerninger og fortjenester og opphøye Kristus. Han kan aldri se nok bort fra seg selv.

Når det gjelder vårt liv, skal vi være engstlige og nøyeregnende, men her er vi som regel sikre og lettsindige. Men når det gjelder å tro nåde hos Gud skal vi være frie og trygge på Kristi fortjeneste. Men da er vi som regel altfor bundet og redde.

Dette går også fram av 1. Johs. 2, 1: «Mine barn, dette skriver jeg til eder for at I ikke skal synde,» — dette gjelder vårt liv. «Men dersom noen synder, har vi en talsmann hos Faderen,» — dette gjelder troen.

Rosenius. (Etter «Veiledning til fred»).

Me les sendebreva

(Openb. 2, 12—19). — Av Gudmund Hjorthaug.

Brevet til Pergamum og Tyatira.

Me tek for oss både desse breva idag, fordi dei i hovudtrekka er så like. Berre at dei fárane som såvidt syner seg i Pergamum, dei har i Tyatira vakse fram til full blomstring. Slik det alltid går med ugras som ikkje blir rydda bort i tide. Ein liten surdeig syrer heile deigen, seier Skrifta.

Brevsendaren presenterar seg.

«Han som har augo som eldsloge», (v. 18) som ser og veit alt i forsamlings og hjarta. Til trøyst for syndaren som lever i lyset (Johs. 21, 17), men til otte for den som har noko å skjula. Korleis verkar dette ordet hjå meg og deg?

«Han som har det tveggva kvasse sverd»,

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljige gaver

Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69

Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

(v. 12) — Ordet som trengjer igjennom alt og dømer hjartans tankar og råd (Hebr. 4, 12) Det legg alt vår tinn under dødsdom, der han får koma til. Men der syndaren tek ved dommen, der kjem han med frelse og liv.

«Med føter som skinnande kopar» — (v. 18). Det vitnar om han som ein gong kjem att for å dømalivande og døde. Derfor har orda hans den aller største autorite t(Matt. 25, 31). Salig er den som her i nådens tid vedtek domen og rettar seg etter tukta frå Herren over alle Herrar.

Kva er så bodskapen i disse breva?

Den første delen er både anerkjennande og trøstefull. Trøsta ligg i dette : «Eg veit kvar du bur — der Satan har si truna». Det peikar truleg på at byen Pergamum var eit slags hovudstad, både for den romerske militærmakt og den heidenske avgudsdyrkings. All den sedloye og demoniske åndsmakt som fylgjer med slikt var svære kår å leva under for ein liten kristenflokk og for den einskilde kristen. *Men, eg veit kva kår de lever under,* seier han som har all makt både i himmel og på jorda. Eg er med dykk alle

dagar. Trøsta er den same også for oss som lever i siste del av endetida — då Satan og synda synest å ha makt som aldri før. Jesus veit om oss, og har sigra over alle sine og våre fiendar. I Han har me all grunn til å vera frimodige. Kunne det også vera sanning om oss, det som var sagt om dei i Pergamum og Tyatira, at dei heldt fast på vedkjenninga av Jesus, endå til når det kosta lov og blod, at dei heldt ved med truskap, tolmod og kjærleik i tenesta for Herren, endå om arbeidsmarka var hard og vond. Herren ser etter *truskap* meir enn etter resultat.

Formaning og tukt .

Men så kjem formaninga og tukta ! Den høyrer med i all sann forkynning, og den er eit utslag av Herrens oppdragarvisdom og kjærleik. (Hebr. 12, 6). Disse Jesu vener som fekk ros for sin truskap og kjærleik i tenesta for Herren, dei var tolmodige og heldt fred på ein front der det ikkje var rett å halda fred. Der var kome ei falsk læra inn i kristenflokk, og noken var byrja eta av den. Ja, i Tyatira var det endå til ei kvinne — profetkvinn — som med mykje åndsmakt og overtydande tale førde denne læra, og førde mange vill i læra og liv.

Denne falske læra gjekk truleg ut på at dei heldt fast på evangeliet om Jesus som forsonar og stedfortredar, og forkynnte den med stor kraft. Men så forkynnte dei også at fridomen i evangeliet var så stor og ubegrensa at det var det same korleis ein kristen levde, så eigde han Jesus og frelsa i han. Endå om dei tok del i heidenske avgudsfestar med deira offer og seksuelle ulivnad, så var det ikkje fárleg, for forsoninga og rettferda i han dekka det. Det er ikkje kva *me er*, men det *Jesus gir oss*, som er det avgjerande for vår frelse, heitte det truleg. Men dette var å forkynna fridom for kjøtet, og den som gir kjøtet fridom, han endar i *døden* (Rom. 8, 5—13).

Bileam og Jesabel (sjå tilvisningane) er namn som fortel oss at her har me med ei læra, og med personar å gjera som vel ser

ut for å høyra til Guds folk, men likevel er styrde og brukt av han som har til mål å føra sjelene bort frå Jesus og til den evige fortapninga. Dette ordet har ei sterk åtvaring til oss som lever i ei tid då falske profetøryster ropar så å seia i alle kristenflokkar. Noken talar fint om Guds kjærleik som syner seg i Jesus, men nekta Jesu Guddom, og især hans stedfortredande offer og gjerning i liv og død. Andre talar fint om omvending og tru på Jesus, men aldri om gjenføding og ei levande tru. Dei talar som om trua berre var ei viljesak frå vår sida, og ikkje ei gåva gitt og verka ved den Heilage Ande gjennom ordet om Jesus. (Efes. 2, 8 og Johs. 3, 5-8) - Endå andre vitnar klårt om at dei har heile si frelsa i Jesus slik han openberrar seg i himmelen i dag for vår skuld, men nekta på same tid at der ved trua er skapt eit nytt liv i våre hjarto, som er av Gud, elskar Guds vilje, og ber frukt til æra for hans namn. Og når nokon etter Guds klare ord vitnar om dette (Efes. 3, 17, 2. Kor. 5, 17 o.m.fl.), så seier disse straks at dette er lovisk tale, og at her blir evangeliet gjort betinga av noko hjå oss.

Men det er stor skilnad på det å tale om noko i oss som må til før me kan få nåde i Jesus, og å tale om det som naturleg veks fram på grunn av trua på, og samlivet med Jesus som frukt på greinene (Johs. 15). Å nekta at dette siste høyrer med i ei levande tru på Jesus, er å nekta Guds ord og å læra og leva etter falsk lære. Her må me ikkje gå etter dei kristne i Pergamum og Tyatira, og tolerera ei læra som er falsk for å halda fred i flokken og halda den ihop. Då vil også me få Guds dom og tukt over oss.

Kva skal me gjera i slike høve?

Me skal halda fast på, og forkynna, det som *Ordet og den Heilage Ande lærer og viser oss!* Me skal ta slike som fer vill frå Skrifta til side og rettleida dei — både ein og to gonger (Ap.gj. 18, 26. Tit. 3, 10. Rom. 16, 17—18), men vil dei då ikkje høyra, så skil lag med dei. Herrens mål — og vårt —

er at dei skal gå i seg sjølv, erkjenna sin stilling og venda om (v. 21—22). Og det må me ikkje slutta med å be om.

Alle står me i føre inntil hausten, og alle prøver fienden å få makt over i disse siste vanskelege tider. Vår einaste redning er at me dag for dag held fast på sanninga slik *Ordet og Anden viser oss.* På sanninga om oss sjølle, og sanninga om Jesus og hans gjerningar for oss, i oss og ved oss. Då skal han halda oss oppe, og vera vår *morgonstjerna* når dagen gryr i aust. Må det lukkast i Jesu namn !

Cru

For eg skjemmest ikkje ved evangeliet, det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, både for jøde først og så for grekar. For i det vert Guds rettferd openberra av tru til tru, som skrive står, den rettferdige, ved tru skal han leva (Rom. 1, 16—17).

Ordet tru er eit mykje nyttalig ord i Skrifta. Ja, det er trua som gjer oss til eit Guds barn, gir oss barnekår og evigt liv i Jesus Kristus. Abraham trudde Gud, og det blei rekna han til rettferd, vitnar Skrifta. Paulus siterar David : «Eg trudde, for eg talta», og legg til: Så trur me og, derfor talar me og. Hebr.brevet 11, 6 seier : Men ordet som dei høyrdet, gagna ikkje dei, av di det ikkje ved trua blei sameina med dei som høyrdet det. Men utan tru er det umogeleg å tekkjast Gud, for den som stig fram for Gud lyt tru at han er til, og at han løner dei som sokjer han. Men tru er full vissa om det som ein vonar, overtyding om ting som ein ikkje ser (Hebr. 11, 1).

Korleis skal me få denne trua?

Mange, mange fer vill her — og fører vill For dei trur og forkynner at det er berre å tru, det er å bøya seg for Jesus, å bestemma

seg for å bli, så er eg ein kristen.

Skrifta vitnar slik: Ikkje av gjerningar, så ingen skal rosa seg for Gud. Det er ikkje av dykk sjølve, det er Guds gåva (Efes. 2). Av dette ser me at trua er ei Gåve frå Gud, gitt ved den Heilage Ande og Guds ord.

Mange har prøvt og trur på disse ymse vegar som blinde veg-leiarar fører dei inn på. Disse menneskelege vegar er menneskeverk og fører til eigenrettferd og evig fortaping. For eg gjev dei det vitnemålet at dei har ihuge for Gud, men ikkje med skynsemd, for sidan dei ikkje kjende Guds rettferd, men streva etter å grunna si eiga rettferd, gav dei seg ikkje inn under Guds rettferd. For Kristus er enden åt lova, til rettferd for kvar den som trur. (Rom. 10, 2—4).

A seja til ein død at du må berre tru at du lever, til ein blind a tdu må tru du ser, eller til ein spedausk at du må berre tru du er frisk det virkar lite. Åndeleg tala, så er alle av den falne slekt i denne stilling. Me kan ikkje ta liv, eller bli helbrede av oss sjølv. Det lyt koma utanfrå, som ei gåve frå Gud.

Det første som må henda den åndelege døde, blinde og sjuke, det er at han lyt bli seg dette bevisst. Blir så denne vakte sjela vist til den gjerning å tru går det galt. For det ordet som var tenkt til tru på Jesus som vår frelsar og stedforrtredar, til liv i tru på det liv Gud har gitt oss i han, det fører inn på gjerningens, kunnskapens og forstandens veg. Men disse vegar fører aldri til liv eller tru på Jesus. Berre til evig fortaping. Men allikevel bli rmange stakkars syndebundne sjeler ført inn på disse vegane. Dette må bli trellen sin veg og liv, i ein stadig kamp og strev for å få det til — Kains offerveg for å tekjkast Gud.

Kjærleik til Gud og tru på Jesus som kjøpte oss til Gud med sitt blod, det er disse hjarto framande for. For evangeliet og Anden har ikkje fått gi dei den trua som gjenfør til evigt liv, med eit nytt hjarta og sinn som trur og elskar.

Trua sin veg går alltid frå død til liv, frå mørke til lys, frå å vera fortapt til å vera frelst frå å vera bunden til å vera løyst, og frå å vera syndig og urettferdig til å vera rein og rettferdig for Gud. Ja, himmelen verdig, «ikkje i meg, men i frelsen kjær.»

Dette skjer berre på erkjenninga og trua sin veg. Me kan berre nemna Saulus frå Tarsus og Nikodemus. Disse to hadde tru, og sikkert ei sterkt tru, men den gav dei ikkje frelse og evig liv. Årsaka var at dei vende seg til og trudde på seg sjølv og sitt eige, til eige liv og gjerning, kunnskap og forstand, til eiga rettferd. Men dette blir det dverre akta lite på i våre dagar. I staden blir det appellert til menneske sin vilje og gjerning.

Men det er berre ei tru som frelser: «Den tro som Jesus favner, og hjerte rense kan». Den kan berre den Heilage Ande gi ved Guds ord, evangeliet om Jesu offer, død og blod som blei gitt som ei soning for våre synder, ved ordet om Jesu seier, oppstoda og evige liv, og den rettferd han vann oss for Gud. Når han får visa oss den ovstore rikdomen av sin nåde, ved godleik imot oss i Kristus Jesus. For av nåde er de frelst, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, det er Guds gåva (Efes. 2)

Trua sin veg, den er alltid ein døden sin veg for kjøt og blod. Dette at Gud for sin store kjærleiks skuld, som han elskar oss med, gjorde oss levande med Kristus, endå vi var døde ved våre misgjerningar.

Dette kan ein ikkje sjå, det kan ikkje følast, berre erkjennast og mottakast i tru på Ordet.

Gleda er stor i himmelen over kvar den som trur på Han som rettferdigger den ugudlege. Slik blei Abrahams tru rekna han til rettferd, utan at han såg noko anna enn sin utlivde lekam og følte på si medfødde vantru. For likevel var han full viss på at det Gud hadde lova, det var han og mektig til å gje ra (Rom. 4, 21). Abraham såg fram til løfte sin son. Vi skal få sjå tilbake på ordet som

Gud vitnar om han som han sende oss. Han som er gitt oss til visdom, rettferd, helging og utløysing (1. Kor. 1).

Den trua som held fast ved løfte sitt ord, bli også nå rekna for rettferdig for Gud. Då vil Anden visa den kraft som er i Ordet, evangeliet om Jesus. Kjøtet og vantrua sin teltduk vil så ofte skjula løfte sin stjernehimmel endå i dag. Men den er der likevel.

Det er ikkje trua sin storleik, men trua sitt innhald, at den er gitt av Gud, som er avgjerande. Den trua som er av Gud, er alltid stor, for den gir nytt liv, ny ånd, nytt sinn, og eit godt samvit for Gud. Den trua som

famnar Jesus, er slik at den gir oss alt det Jesus er og har gjort i vår stad.

Han har gjort alt for oss, og vi skal få leva vårt liv i hans liv. Han som elskar oss og gav seg sjølv for oss. I han skal vi få leve her på jorda, til vi når endemålet for trua vår, frelsa for sjela. Då skal vi verta han lik, for vi skal sjå han som han er.

Difor må ingen skjemmast ved denne trua, og han som gav oss så stor ei frlse. Ikke dra oss unna til fortaping, men tru til frlse for sjela.

Odd Dyrøy.

Har Gud funnet deg?

(5. Moseb. 32, 10—12. — Av Ole Rolfsnes

I dette skriftestedet står det at Gud fant ham i et øde land, i villmarken blant ørkenens hyl. Han vernet om ham, og gav akt på ham. Han vernet han som sin egen øyensten.

Mange skriver i vår tid om folk som fyller år, eller når de dør. Men som oftest er hovedemnet det vedkommende har vært og gjort og vært med på, og det er ofte mange og gode ting. Men når vi tar frem denne beretning som er skrevet av Moses, da ligger den på et ganske annet plan. Moses drar ikke frem det han selv har gjort, men det Gud har gjort for ham og med ham.

Jeg vil forsøke å skrive litt om fire ting som trekkes frem i dette ordet.

Han fant ham.

Når vi leser disse beretningene som er skrevet om menneskene, hvor godt er det ikke om der står at han eller hun ble omvendt til Gud i den eller den alder. Siden gikk de med i Guds rikes arbeide. De hadde hatt et møte

med Gud som forandret hele deres livskurs, i likhet med Moses som møtte Gud i ørkenen og fikk omlagt hele sin livskurs. Men hvor trist er det ikke når en leser om alt det gode mange har gjort, uten at et ord blir nevnt om at de møtte Gud og fikk sin livskurs omlagt.

Du som leser dette, har du møtt Gud? Det er det største og det viktigste som kan hende deg i ditt liv.

Her vil jeg ta med et vitnesbyrd om meg selv. Jeg hadde dette møte tmed Gud i februar måned 1915. Jeg var da 26 år gammel. Dette møte forandret hele min livskurs, og det gav meg helt nye interesser. Vi som har hatt et slikt møte vil i all evighet takke Gud for det.

Han vernet om ham.

Dette møte er bare begynnelsen på den veien som skal føre oss frem til målet. Som Moses opplevde at han ikke kunne ta vare på seg selv, så er dette et felles vitnesbyrd fra alle sanne troende. Om Gud ikke tok vare på oss, hadde det for lenge siden vært ute

med oss alle sammen. Her kunne vi ta med mange av de forsikringer som Bibelen anfører om at Gud vil ta vare på sine, men du kan lese dem selv. Disse bibelsteder har mange ganger vært min eneste og store trøst og jeg har ofte takket Gud for dem.

Han gav akt på ham.

Hvor underlig er det ikke å få tro at Gud gir akt på oss. Tank om det alltid sto klart for oss, da ville nok mange ord bli usagt og mange gjerninger bli u gjort. Alt vi leser om Moses fra han møtte Gud til slutten, det viser klart at der var en allmektig Gud som gav akt på ham. Vi skal ta med nokre ting som viser det.

For det første da Gud ved skyen ledet ham til Det røde hav, der fienden kom og Moses så ingen utvei. Men Gud gav akt på ham, og gjorde det som intet menneske kunne gjøre. Gud dannet vei gjennem havet, for der ved å vise sin allmakt. Jeg tror at mange av oss som lever med Gud idag kunne vitne om mange ganger da vi sto fremfor stengte forhold i vårt liv, og vi fikk oppleve at Gud gav akt på oss og åpnet vei der vi ingen vei såg. Her er det mange ting jeg kunne ha lyst til å ta med, men stykke ville da bli for langt.

Der ble tørre tider for Guds folk den gang som det kan bli i vår tid. Også da var der mye klage. Folket gikk da til Moses med sin klage, for han var jo deres mellemann for Gud. Hos Gud fikk Moses beskjed om å slå med staven sin på klippen, og de fikk vann. Men ved en senere tørketid sa Gud at han skulle tale til klippen, og den skulle gi vann. Hvorfor brukte ikke Gud samme fremgangsmåte som første gang? Jo, Gud som gav akt på Moses, han såg at han hadde mer til lit til staven — eller det redskap han så mange ganger hadde sett Guds under ved — enn han hadde til Guds ord. Det var nok årsaken til at Gud forandret sin fremgangsmåte, for han ville lære Moses lydighet og tro på Guds ord fremfor det han hadde erfart før.

Men følgene av Moses sin ulydighet uteble ikke, for det ble årsaken til at han ikke fikk føre folket inn i landet.

Har dette noe å lære oss? Hos oss er det også mange ganger tørt i menigheten, og folk prøver på mange forskjellige vis å skaffe vann — åndelig liv. Da legger vi ofte merke til en stor tro på redskapet, for det har jo Gud brukt andre steder. Resultatet av dette blir at redskapene blir tatt i bruk uten at noe hender. Årsaken til det tror jeg er den samme som for Moses en for liten tro på Ordet og for stor tiltro til redskapene. Det er årsaken til at de ikke får føre folket inn i landet, og til at tørketiden holder frem. Gud sier det samme idag som den gang: Tal til klippen — tal til Jesus om tørken. Han vil da sende Ånd og liv. Tenk om vi troende ville våkne opp for den sannheten, da tror jeg mye ville bli annerledes mellom oss.

Han bevarte ham.

Når Moses skulle uttrykke dette utbryter han: Han er som en ørn, som svever over sine unger. Og en ørn ser meget godt.

Liksom Gud har lagt grunn for vår frelse, så har han også lagt en grunn for å bevare oss. Denne grunn er hans ord og løfter! Får ikke Gud oss ut på denne grunnen, da kan vi ikke bli bevart. Når Moses bruker dette om ørnen, da er det for å vise oss Guds behandling for å få oss inn på løftets grunn. Når ørneungene blir så store at de skal lære å fly, da må ørnen skubbe dem utfor stupet der reiret ligger. Da flagrer de med vingene så godt de kan, men det går nedover i stedet for oppover. De har ikke lært å bruke vingene slik at de kan hvile i luften. Men så står det at han tok dem på sine slagfjærer og løftet dem opp, inntil de lært å hvile i luften.

Slik må Anden lære oss at i Guds ord finnes der løfter vi kan hvile på, og bli bevarte ved og holdt oppe ved. Her har den Hellige Ånd mye arbeid inntil han kan få gi meg og deg forståelse på dette felt.

Det første bodet

Du skal ikkje ha andre gudar attåt meg!

Slik lyder det første bodet, og Skrifta seier at det er det *første og største bodet*. Ein lov-kunnig sto ein gong fram og spurde Jesus: Meister, kva er det største bodet i lova? Jesus svara: *Du skal elska Herren din Gud av alt ditt hjarta og av all din hug og av alt ditt vit.* Dette er det første og største bodet. Men der er eit anna som er like stort, og det er: Du skal elska nesten din som deg sjølv. På disse to boda kviler heile lova og profetane.

Av dette ser me at ein oppfyller ikkje lova ved å gjera etter bokstaven, for lova krev heile hjarta sin kjærleik. Det er ikkje nok at du gjer dei gjerningane lova krev, og let vera det lova forbyd. Nei, lova krev at det skal vera gjort av kjærleik til Gud.

Det er nok dette sangaren tenkjer på når han syng: «La meg i bokstavens vesen ei bliye, som kun gjør utvortes ærbar og fin, Ånden la loven i hjertet innskrive, så jeg i sannhet må kalle meg din.»

Gud vil vera den første i vårt hjarta og liv. Han vil eiga plassen i hjarta *framom alle ting*, endå framfor ektemake, foreldre, barn og alle andre ting som hører denne verda til. (Luk. 14, 26).

Merkeleg nok så er der menneske som trur at dei held lova. Me kan berre tenkja på den rike, unge mannen som kom til Jesus og spurde kva han skulle gjera for å arva eit evigt liv. Han sa til Jesus at alt dette har eg halde frå eg var ung, og fleire har nok tenkt som han. Men Jesus sa at han skulle selgja alt han åtte og gi til dei fattige, så skulle han få ein skatt i himmelen. Då gjekk han sorgfull bort, for det han åtte hadde større plass i hjarta enn Jesus og den skatten han hadde å gi. Dette viste at han fall i det første bodet.

Det første bodet forbyd avgudar.

Kva er ein avgud? Pontoppidan seier at ein avgud er alt det som eit menneske dyrkar, fryktar, elskar og set si lit til i staden for Gud eller ved sida av Gud. Skal me leggja denne definisjonen på ein avgud på vår tid, vil me snart bli klar over at der ingen mangel på avgudar er. Vår tid og vårt folk har nok mange fleire og større avgudar enn heidningen. Tenk berre på alt det menneske dyrkar, lever i og for, meir enn Gud. Frykta for menneske, for å bli utenfor og onnorleis enn andre, den har nok makta i mange hjarto langt framfor frykta for Gud og hans ord. For ikkje å nemna alt det menneske elskar meir enn Gud.

Av avgudar finst det mange slag. Heidningen har avgudar som sol, måne, stein og tre, eller utskorne figurar og bilete som er laga av menneske, som dei tilber, fryktar og ofrar til, og set si lit til. Vår tids maskottar og lykketrolla, som dinglar i bilane eller prydar heimane, minner uhyggeleg om disse avgudane. Heilt uskyldige og harmlause saker, vil vel mange seia.

Prøv å få dei bort, då vil du sjå kor uskyldige dei er. Eg høyrd om ei jente som hadde lykketrollet med seg på pulten til eksamen. Heidningen sine avgudar ser også nok så harmlause og uskyldige ut, men dei har ei veldig makt over hjarto. Avgudsdyrkingset ikkje i avguden, men i hjarta.

Sporten er vel ein av vår tid sine store avgudar, og sportsheltane og film- og sangstjernene. Tenk på korleis dei blir tilbedt, hylla, elsa og ofra til. Samanliknar du den makt dei har over folket, med den makt og plass Gud og hans ord har, då vil du sjå kva for ein avgud eller avgudar me har å gjera med Brølet og hyla frå dei som hyllar disse gudane lyder høgare og oftare i heimane, enn Gurls ord og lovesongen til Gud — også i dei

heimane som er kalla kristne. Tenk på dei summane som er ofra på det alteret.

Levestandarden er ein annan av tida sine store avgudar. Det står skrive at me skal ta oss i vare for havesjuka, som er avguds-dyrking (Koll. 3, 5). Og den er vel drivkrafta i alt jag etter ein høgare levestandard. Der den får makt over hjarta, der blir det aldri nok, og den krev meir løn, kortare arbeidstid og lengere ferie. Mor forlet heimen, barna og tenesta der, og vil ut i arbeidslivet for å få ein høgare levestandard. Ei havesjuk slekt er ei kravfull slekt, misnøgd og kravfull overfor arbeidsgivar og samfunn. Guds ord seier at for slike ting kjem Guds vreide over dei vantruande.

Lat oss høyra kva Guds ord seier om slike ting: Guds frykt saman med nøgsemd er ei stor vinning. For det er audsynt at me ikkje hadde noko med oss til verda, og då er det like audsynt at me heller ikkje skal ha noko med oss derifrå. Men når me har føda og klæde, så skal me vera nøgde med det. Men dei som vil verta rike, fell i freisting og snara og mange därlege og skadelege lyster, som sokkjer menneske ned i undergang og fortaping, for pengehugen er ei rot til alt vondt. Av trådom deretter har sume fare vilt frå trua og har gjennomstunge seg sjølv med mange piner.

Gode og nyttige ting kan også bli ein avgud. Som kariere, forretning, heim, friluftsliv, sportsfiske osv. når den tek den plassen i hjarta som Gud skulle ha. Tenk berre på påskefeiringa i fjellet, som har gripe den største delen av vårt folk. Når ein samanliknar den med den plass påskens evangelium får i hjarto, evangeliet om Jesus lidning og død for våre synder og Jesu oppstoda og siger over synda og døden, då ser me at påskefeiringa er blitt vår store folkeavgud.

Men der er også mange finare og meir løynde avgudar, som stel hjarta sin kjærleik og tillit frå Gud. Ein slik avgud kan vår egen person bli, når me sokjer eiga æra og

anseelse, eigen vilje, eigen nytte, eigen fornøyelse og eiga lyst framfor Gud og hans æra og hans frelse.

Andre menneske kan også bli vår avgud, når me elskar dei eller fryktar dei meir enn Gud, når dei har større makt over oss enn Gud. Både kjærleiken til andre menneske og frykta for menneske, kan hindra oss frå å fylgja Guds kall og frå å søkja frelse, då blir dei vår Herre og Gud.

Guds ord sin klare tale.

Guds ord talar klårt når det gjeld andre gudar enn den einaste sanne Gud, og om avgudsdyrkning. «Den som ofrar til avgudane og ikkje til Herren åleine, han skal vera bannstøytt» (2. Moseb. 22, 20). «Born, vara dykk for avgudane» (1. Joh. 5, 21). «For dette veit de og skynar at ingen horkar eller urein eller gjerug — som er ein avgudsdyrkar — hev arv i Kristi og Guds rike» (Efes. 5, 5). «Derfor, mine kjære, fly frå avgudsdyrkingsi» (1. Kor. 10, 1—14).

Herre, din Gud, skal du tilbeda. Han og ingen annan skal du tena, sa Jesus.

Få av boda er vel så lite påakta og så ofta brotne som det første bodet.

Vekter, kor langt på natt?

Av Josef J. Nilssen

Når eg skal prøva skriva litt om endetida, så er det med ein viss otte. Det kan så lett bli menneskelege tankar og meininger. For her er nok mykje som er uklårt for oss, og derfor blir også ofte forkynninga om disse ting nokså uklårt.

Jesus talar om disse ting som skal henda i Matteus kap. 24og 25. Der oppmodar han sine til å akta på tidarteikna for hans atterkoma. Her skal me ikkje koma inn på det

tidarteiknet som Israel er, då det er mykje omtala og såleis velkjent.

At vår syndige jord går vanskelege tider i møte må vel alle sjå i dag. Guds ord seier at fråfallet skal koma, og det er nok alt kome langt. Antikristens ånd er *alt nå* i verda, sa Jesus. Kor mykje meir då i dag. I 2. Tessal. 2 les me om fortapingssonene som skal koma. I vers 6 står det: *Og no veit de kva som held att, so han fyrst skal verta openberra i si tid.* Og i vers 7 står det at loyndomen i lovløysa er alt verksam, *berre at den som nå held att vert rudd undan.* Kva er dette, venner, som held att før Guds vredesskåler blir tømt ut over jorda, som Johs. opb. talar om? Det er vel utan tvil den Heilage Ande og menigheten — Jesu brud på jorda.

Når det hender som er skrive om i 1. Tessa. 4, 13—18 og kap. 5, 1—5, då er Guds time inne for alle de iunderlege og grufulle ting som spådomane i Johs. openberring vitnar om. At me kristne må oppleva noko av denne trengselstida om me lever i endetida, det må me rekna med.

Men nå sto det i 1. Tessa. 4 at me skulle trøysta kvarandre med disse orda, og dertil mange andre Guds ord. For dei gir oss som trur på Jesus og hans soningsverk von om å få koma heim til himmelen *før* antikrist si verste regjeringstid set inn. *Og så skal me alltid få vera med Herren* (1. Tessa. 4, 17). Så vak då, for de veit ikkje dag eller time!

Det blir ein herleg dag, enten me då lever eller ligg i vår grav, å få bli avkledt vår gamle lekam og bli ikledd ein ny — utan synd.

Antikrist si ånd er alt nå i verda, og lovløysa er alt verksam. Hans tilkoma går fyre seg etter Satans kraftige vernad, med all kraft og teikn og under av lygna, og med all dåring av urettferda for dei som vert fortapte av di dei ikkje tok imot kjærleik til sanninga, så dei kunne verta frelse. Derfor sender Gud ei kraftig villfaring, så dei trur løgna, så alle dei skal verta dømde som ikkje har trutt san-

ninga, men hatt hugnad i urettferda (2. Tess. 9—12).

Denne fortapingssonene meiner mange vil koma inn i verda på same måten som Jesus gjorde, men med djevelen til far. Det forførande er at han kjem og gir seg ut for Jesus, som Messias. Gå ikkje dit ut, sa Jesus! - Høyр ikke på dei! Gjeld dette oss, gjeld det nå?

At det finst forløparar for denne sterke åndsmakt i ubibelsk og falsk forkynning er visst og sant. Liberal, teologi, som nektar Jesu guddom, Guds under osv. — dei opnar i sanning veg for denne store verda sin fyrste.

Når det gjeld landa imellom ser me også i vår tid ei førebuing til større og større eininger. Lenge har me sett at kommunar, skular, industri-konsern og anna blir slege saman. Nå er jo Fellesmarknaden sterkt omtala. Den såkalla Romatraktaen er tenkt å omfata ti statar. Alt kjøp og salg har lenge vore organisert saman i fellessalg og felles innkjøp.

I Openb. 17, 12—13 står noko merkeleg om ti kongar, som skal få makt ein time saman med dyret. Legg merke til det som står i vers 13: *Og disse har same tanken, og si makt og si kraft gjev dei til dyret.*

Er det ikkje dette dei i dag arbeider intensit med at alle skal ha same tanken? Dei økonomiske murane må rivast ned, store omveltingar må til, og mykje anna som ennå er uklårt for oss. Europas foreinte statar og En Verden er der sterke krefter som for fullt alvor går inn for.

Dyret, det er jo eit anna namn for Antikrist. Det står at ingen skal få kjøpa eller selgja utan dei har dyret sitt merke breint inn i panna. Skal me som kristne leva i slike tider, der me får valget mellom å nekta vår Herre og frelsar eller å svelta i hel — eventuelt lida martyrdøden?

Bibelen nemner også talet 666 (Åpb. 13, 17—18). Dette tale ter i våre dagar i bruk som fabrikkmerke. Det er å finna på skoeshaker,

og me har det på kasserollar i vårt hus. Nå er også momsen innført som eit kontrollerande tiltak over kjøp og salg. Kan det vera ei førebuing mot sterkare og betre tiltak over heile vår økonomiske stilling? Eg berre spør.

Jau, verda ventar på den sterke mann som tilsynelatande skal skape fred på jorda. Religionane i verda har teke til å samarbeida for fullt alvor. Det ekumeniske kyrkjearbeid går inn for større tolleranse mot annerleis truande. Kva ånd er det som står bak dette? Vegen ser ut for å snart liggja åpen for ein falsk folkevekkelse, der denne mørkets utsending blir motteken som Gud. Ja, han skal setja seg i Guds tempel og gi seg ut for Gud.

Må ikkje disse sanningane forkynnast, er det rett å teia dei ihel? Det eg seier til dykk, det seier eg til ALLE: VAK! — også til Lov og Evangelium sine lesarar.

Ein annan ting som skaper mykje uro i verda i vår tid er den stadig aukande ureinskapsen. Me opnar snart ikkje ei avis utan at dette er omtala. Lufta blir urein av eksos og andre giftige gassar, fisken i vatnet dør sume stader, og jord og planter blir sprøyta med giftige stoff. Dette er nå blitt til eit problem av dimensjonar. Ved dei store fabrikkane legg visnar skog og gras, og dyr blir sjuke.

I tillegg er der lagra som våpen mange slag av drepande gassar, til sjukdom, død og øydelegging av folk, land og hav. Det ligg så nær å tenkja at menneske ein dag misser kontrollen over sine oppfinningar, og styrer det heile mot øydelegging av jorda.

Når me les Johs. opb. er det dunkelt for oss. Det kan koma brått som i Egyptens land, då alle disse ulukkene sette inn av di Farao ikkje ville la isralittane fara. Då var det forureinsing til gagns. Lat oss lesa saman nokre vers frå Åpb. 8: Då kom det hagl og eld, blanda med blod, og vart kasta ned på jorda. Og tridjeparten av jorda vart oppbrent, og tridjeparten av trea og alt grønt gras vart oppbrent.

Slike verknader veit me at vår tids atombomber har. I Guds time kan han nok tilata slike ting. I vers ti står det at ei stor stjerna fall brennande som ein kyndel på alle vatni og vasskjeldene. Vatnet blei beiskt og dødeleg. Dei har ei bombe i dag som blir kalla koboltbomba, som har denne evna til å gjera vatnet dødeleg — og det er den vel også laga til.

Når det er tale om ei stjerne, då har me lett for å tenkja på planetar som skal falla ned på jorda. Men dei er mange tusen — og i nokre tilfelle millionar gonger større enn jorda, så dei ville knusa den til stov om dei fall ned, eller brenna den opp. Disse stjernene det her er tale om skal gjera mykje skade, men berre utanpå jorda og på det liv som lever der.

Ve, ve over jorda og dei som bur på jorda! Denne røysta skal lyda frå ei «ørn?» høgt under himmelen.

Kjære truande vener, noko av det eg har skrive kan vera gissingar. — Men Guds ord formanar oss til å akta på tidar-teikna, og kvar den som har øyro til å høyra med — til å høyra. Det vil seia å høyra kva Guds Ande talar til deg. Er det ikkje ei stor trøyst at alle me som trur at me har del i den første oppstoda ikkje skal møta til dom. (Johs. 5, 24)

Når alle dei andre døde står opp att, og bøker blir åpna, og Livets bok blir åpna, då går det for evigt galt med alle dei som ikkje har namna sine skrivne i den boka (Åpb. 20, 15). —

Her står det at dei blir kasta i eldsjøen — den andre døden. Somme seier at eldsjøen betyr tilintetgjørelse, men det seier ikkje Guds ord: Og dei skal verta pinte dag og natt i all æva. (Opb. 20, 10).

Venn, som les dette, har du teke imot Jesus og fått eit evig liv i han? — her og nå. Jesus seier i Johs. 5, 25: Det kjem ei tid, ja, ho har alt komen, då dei døde skal høyra røysta åt Guds Son, og dei som lyder på henne skal leve.

Her er det nok tale om dei åndelege døde,

dei som er døde i synd og overtrødelse (Efes. 2.) Slike kan Jesus gi liv, når dei hører ordet og tek imot det med tru i hjarta sitt. Men frå den evige død finst der inga oppstoda

Om nokon ikkje trur Moses og profetane - d.v.s. det skrivne ord — så trur dei heller ikkje om nokon står opp frå dei døde. Trur me ikkje på ordet om Jesu nære atterkoma, trur me ikkje om ein engel frå himmelen kom med basunrøyst.

Me kan ikkje sjå bort frå alt det grufulle som skal komá. Det er gitt oss til merke, og for å halda oss vakne. Der står jo at dei sovna alle.

Eg tenkte med dette eg har skrive at det kunne få vera eit lítte vekkarrop. For natta kjem, då ingen kan arbeida, seier Jesus.. Det vil seia, då ingen lenger ropar eller arbeider i Guds rike på jorda.

I dag er nådens tid, i dag er Gud å finna ! Kom før det blir forseint ! Ta imot sanninga til frelse, før villfaringa sitt uver rasar over jorderike ! Då vil du også tru løgna, om du ikkje her trudde på Jesus og hans soningsverk for dine synder.

Jag etter hellighet !

Strev etter helliggjørelse av all makt, men gjør ikke av det noen Kristus, som du kunne tenke deg å bli salig ved. Gjør du det, må det igjen bli tilintetgjort. Kristi uendelige forsoningsverk og ikke ditt hellighetsstrev skal være din rettferdiggjørelse for Gud, elles vil ilden fortære det som høy og strå, når Herren åpenbarer seg i sin velde fra sin hellige trone.

Dette er en sunn trosøvelse : At du bygger alt på den evige Guds kjærlighets og ná-

des klippe, Kristus.

At du alltid lever med blikket festet på Kristi evige rettferdighet og fortjeneste, for det helliger hjertet, som ellers er og forblir kjødlig.

At du ser på Kristus slik at du kan se synen i hele dens styggedom og like fullt tro at den er tilgitt og utslettet.

At du i denne beskuelse av Kristus ber og hører Guds ord i en kjensle av hvor flekket din drakt er og likevel tror at du blir tatt imot.

Hvis ikke samvittigheten blir renset i Kristi blod, er alle gjerninger døde gjerninger (Hebr. 9, 14).

Den meget lovpriste læren om den frie viljen er lett å gjendrive både ut fra den Hellige Skrift og ut fra den sjels erfaring, som har kommet til Jesus Kristus for å ta imot hans fortjeneste og underkaste seg hans rettferdighet. Kristus er langt hørligere enn den arme natur kan forstå.

Så underlig hellig er han at den usle natur ikke en gang kan greie å se på ham. Så uendelig god er han at naturen aldri kan tro det. For naturen er Kristus altfor høy og hørligere enn at den skulle kunne driste seg til å komme nær ham. Det må først komme noe guddommelig i sjelen, før den kan gripe ham.

Den Kristus som den naturlige frie vilje kan fatte, er bare en natur-Kristus som et menneske gjør seg selv, og ikke Faderens Kristus — den levende Guds Sønn som ingen kan komme til uten at Faderen drar ham (Johs. 6, 44).

Fra «Honningsdroper»

EI MISSTYDING

På årsmøtet og sommarskulen på Avaldsnes no i juli høyrdest det ut som dagbl. «Dagen» nekta å ta inn referat frå møtet til Lekmannsmisjonen. Etter konferanse med red. Berg, viste dette seg heldigvis å vera feil. Telefonstasjonen hadde nok kome i skade for å finna telefonnr. til eit heilt anna bladkontor i Bergen, for vår referent. Referatet har no stått i «Dagen».

O. A. D.